

KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET - VÆRLANDET



Foto: Statens vegvesen ©

Fastsett planprogram

Juli 2008

Norconsult AS
 Sogn og Fjordane
 Dalavegen 25
 6851 Sogndal
 Telefon: 57 62 79 00
 Telefax: 57 62 79 01
 E-post: firmapost@norconsult.no
 Internett: http://www.norconsult.no
 Bankgiro: 5005.05.49663
 Foretaksreg.: NO 962392687 MVA

RAPPORT

Oppdrag: 5008537		Rapportdato: 08.07.2008	
Tittel:			
Kommunedelplan for Bulandet – Værlandet			
Forfattarar: Johannes-Henrik Myrmel		Rapport nr.: 5008537-06	
Oppdragsgivar: Askvoll kommune		Kontaktperson/referanse: Kjersti Sande Tveit	Distribusjon:
Samandrag: Rapporten er fastsett planprogram for kommunedelplan for Bulandet – Værlandet. Rapporten er justert i samsvar med vedtak gjort av Askvoll kommunestyre den 02.07.2008 i sak 70/08.			
Emneord (4 stk.): - kommuneplan - arealdel - planprogram - prosess		Fylke: Sogn og Fjordane	Kommune: Askvoll

Utarbeidet:

Kontrollert/godkjent:

FORORD

Askvoll kommune har starta arbeid med utarbeiding av kommunedelplan for Bulandet – Værlandet. Bakgrunnen for planarbeidet er eit ynskje om å sikre/styrkje busetnaden, næringsutviklinga og avklare vidare reisemålsutvikling.

Formålet med planarbeidet er:

- **Klargjere grensene mellom utbyggingsområde og anna areal**
- **Legge til rette for ei differensiert forvaltning av strandsona i område med busetnad**
- **Innarbeide ein strategi for handtering av oppdukkande prosjekt**

I samsvar med §§ 2 og 5 i forskrifta om konsekvensutredningar skal det for arealdelen av kommuneplan og kommunedelplan utarbeidast og fastsettast planprogram. Planprogrammet skal leggest til grunn ved utarbeiding av planframlegg med konsekvensutredning.

Formålet med planprogrammet, dvs. dette dokumentet, er å sikre tidleg medverknad, informere om kva som er formålet med planarbeidet, klargjere hovudspørsmåla og avklare plan- og vurderingsbehovet som planarbeidet reiser. Planprogrammet skal vere med å sikre ein forutsigbar og effektiv planprosess.

Planprogrammet byggjer på dei innleiande drøftingane i styringsgruppa (Utval for teknisk sektor) for planarbeidet samt gjennomgang av dagens situasjon innanfor planområdet.

Målet er at fastsett planprogram skal vere vinkla mot dei spørsmåla som er relevante og viktige slik at kommunen kan gjennomføre ein målretta prosess som fokuserar på dei sentrale problemstillingane innanfor planområdet.

Norconsult AS har avlasta Askvoll kommunen ved å utarbeide planprogrammet. I Norconsult AS har Johannes-Henrik Myrmel, Tone K.M. Kvåle og Jon Ove Lomheim gjennomført arbeidet med førstnemnde som oppdragsansvarleg. Kjersti Sande Tveit i Askvoll kommune har vore Norconsult AS sin kontaktperson i kommunen.

Fastsett av Askvoll kommunestyre den 02.07.2008 i sak 70/08

INNHALD

1	INNLEIING	5
1.1	LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET	5
1.2	HØVUDSPØRSMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR	6
1.3	GJELDANDE KOMMUNEPLANAR.....	7
2	RAMMER OG FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET	8
2.1	NASJONALE RETNINGSLINER OG FØRESETNADER.....	8
2.2	REGIONALE RETNINGSLINER OG FØRESETNADER	9
3	INNHALDET I REVIDERT KOMMUNEPLAN	10
4	ORGANISERING OG MEDVERKNAD.....	11
4.1	PLANPROGRAMMET	11
4.2	PLANFRAMLEGG OG SLUTTHANDSAMING/PLANVEDTAK.....	11
5	FRAMDRIFTSPLAN.....	12

1 INNLEIING


Askvoll kommunen gjorde i sak K38/05 vedtak om revisjon av kommuneplana. Oppstart av planarbeidet blei varsla/kunngjort våren 2005. På bakgrunn av drøftingar i styringsgruppa har kommunen valt å utarbeide ein *Kommunedelplan for Bulandet – Værlandet*. Planarbeidet femnar i tillegg om øya Alden. Bakgrunnen for planarbeidet er eit behov for eit betre plangrunnlag for å styre arealbruksutviklinga innanfor øysamfunna omfatta av planarbeidet.

1.1 Lokalisering og avgrensing av planområdet

Planområdet femnar om øysamfunna Værlandet, Bulandet og Alden med tilgrensande sjøområde. Planområdet er lokalisert lengst vest i kommunen. For å komme til Værlandet, Bulandet og Alden er ein avhenging av båttransport/ferje. Til Askvoll som er kommunesenteret er det frå ferjekaia i Værlandet om lag 20 km, og turen tek om lag 45 minutt med ferje.

Planområdet femnar om både land og tilgrensande sjøområde og er på om lag 73 kvadratkilometer. Grendene i Bulandet og Værlandet er bundne saman av kommunale vegar og fylkesveg 365.

Det bur samla om lag 450 personar innanfor øysamfunna. Busetnaden er knytt til næringsvegane fiske, akvakultur og turisme. I Værlandet er busetnaden lokalisert til Hamna – Nybø og Landøy, medan busetnaden i Bulandet er spreidd på om lag 15 øyar.



Planområdet

1.2 Hovudspørsmål og problemstillingar

Ein har ikkje ved utarbeiding av planprogrammet kjennskap til alle private ynskja om arealbruksendringar, men ein har søkt å gjere greie for det ein trur er viktigaste hovudproblemstillingane. Det vidare arbeidet og høyringsuttalene til planprogrammet vil avklare kva endringar som skal vurderast gjennom planarbeidet.

Ein trur at hovudspørsmåla vil vere relatert til å sikre/styrkje busetnaden, nærings-utvikling og avklare vidare reisemålsutvikling/hyttebygging. For kommunen er det viktig å avklare utviklingsbehovet/ynskja gjennom høyringsuttaler til planprogrammet.

Hovudmålet med utarbeiding av kommunedelplana er å klargjere grensene mellom utbyggingsområda og anna areal og ta vare på og legge til rette for berekraftig bruk av strandsona gjennom ei differensiert forvaltning av område i tilknytning til noverande og framtidig busetnad.

Store delar av landareala innanfor planområdet ligg i strandsona. Kysten har difor vore og er ein viktig ressurs for innbyggjarane. Strandareala har gjeve rom for fleirbruk med bustader og ulike typar verksemder, samt rekreasjon og fritidsbruk. I dag ser ein at strandsona òg er attraktiv med tanke på reisemålsutvikling og hyttebygging. Dette gjer strandsona viktig både med tanke på busetnad, næringsutvikling, rekreasjon og fritidsbruk. Samtidig er kystsona utsett for uynskte hendingar som t.d. forureining og stormflo.

Arealbruken i kystsona er avklart gjennom kystzoneplana som blei vedteken i 1999. Utgangspunktet er at arealbruken i kystzoneplana skal vidareførast med eventuelt nokre tilpassingar. Utfordringa er arealbruken på land, der det er behov for både ei klargjering av noverande faktisk bruk og framtidig bruk. Arealbruken på land er samansett utan klare grenser mellom ulike former for arealbruk, der næringsvegane spesielt i Bulandet er knytt tett saman med busetnaden. I tillegg er det meste av busetnaden og næringsaktiviteten lokalisert i 100-metersbeltet. Gjennom planarbeidet blir det difor viktigare å sette klare grenser mellom utbyggingsområde og anna arealbruk, enn å detaljere arealbruken innanfor dei ulike utbyggingsområda og landbruks- natur- og friluftsområda der det blir opna for spreidd utbygging.

Ei anna utfordring i strandsona er risiko for uynskte hendingar, herunder spesielt stormflo, vind og forureining. Askvoll kommunen er med i eit interkommunalt samarbeid i Sogn og Fjordane om beredskap i forhold til forureining langs kysten. Det er ikkje gjort vurderingar i forhold til stormflohøgder og vind. Dette er spørsmål som kan vere avgjerande for å avklare kor framtidig bygg kan lokaliserast.

Sjøtransport har vore og er ein viktig føresetnad for næringslivet og busetnad. Samtidig femnar strandsona om kvalitetar for både plantar og dyr – i tillegg til at den er viktig som rekreasjons- og friluftsområde. Langs strandsona er det avgrensa areal som er eigna til høvesvis næringsutvikling, busetnad og rekreasjon/friluftsliv. Dette saman med naturkvalitetane kan gjere forvaltning av strandsona konfliktfull. Ein viktig del av planarbeidet er difor også å sikre ei balansert forvaltning av strandsona gjennom ei differensiert forvaltning av areala som er utsett for utbyggingspress.

Sjølv om det er og blir lagt vekt på samråd og medverknad gjennom arbeid med utarbeiding av kommunedelplana vil det sannsynlegvis gjennom forvaltning av vedteken kommunedelplan dukke opp utviklingsprosjekt som ikkje er planavklart gjennom kommunedelplana. Fleire av desse initiativa vil sannsynlegvis ikkje vere i vesentleg konflikt med andre interesser. Etter § 30 i plan- og bygningslova har kommunen ei plikt til å vurdere desse oppdukkande prosjekta. Kommunen vurderar difor å innarbeide ein strategi

for handtering av desse prosjekta. Formålet med å innarbeide ein strategi er å klargjere kva kvalitetskrav kommunen stiller til denne typen førespurnader.

Hovudspørsmåla og utviklingsbehova er knytt til:

- 1. Sikre busetnaden gjennom å avklare rammer for vidare bustadbygging**
- 2. Legge til rette for næringsutvikling gjennom vurdering av behovet for ytterlegare areal, samt avklare kor vidt det er behov for nye næringsareal**
- 3. Klargjere vidare reisemålsutvikling, herunder òg utbygging av fritidsbygg.**
- 4. Legge til rette for ei differensiert forvaltning av strandsona som tar vare på viktige natur og kulturkvalitetar samtidig som ein legg til rette for utbygging og etablering av båthammer både til nærings- og fritidsformål.**

Målsetjinga er å etablere løysingar for ei balansert utvikling og strategiar som både tek vare på omsynet til vidare næringsutvikling og området sine natur, miljø- og friluftskvalitetar.

1.3 Gjeldande kommuneplanar

Planområdet er rørt av tre kommune- og kommunedelplanar. Dette er planar for høvesvis arealbruk på land, i sjø og for veg.

Arealdelen av kommuneplana blei vedteken i 1994. Areala i Bulandet, Melvær og Alden er sett av som landbruks-, natur- og friluftsområde. I Værlandet er Sørværet bandlagt og statleg sikra som naturreservat. Dei øvrige areala i Værlandet er landbruks-, natur- og friluftsområde.

Kystsoneplana er ein kommunedelplana for sjøområda. Kystsoneplana blei vedteken i 1999. Planområdet går i frå strandlinja (land) og ut til grunnlina i sjøen, dvs. den lina som vert trekt mellom dei ytste skjæra rundt kysten. Plana gjeld både vassoverflata, vassvoluma og havbotn.

Kommunedelplana for fylkesveg 365 mellom Bulandet og Værlandet blei vedteken i 2000. Plana var grunnlaget for etablering av vegsambandet som knyter Bulandet og Værlandet saman. Den nye vegen blei ferdigstilt i 2003.

2 RAMMER OG FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET

Kommunalt planarbeid blir i hovudsak styrt gjennom føresegnene i plan- bygningslova. Bruken av areal og utnytting av ressursar blir i tillegg regulert gjennom ei rekkje andre lover. Forvaltning etter desse sektorlovene er ofte lagt til andre styresmakter enn kommunen, t.d. Fiskeridirektoratet, Kystfartsverket, Norges- vassdrags og energidirektorat (NVE), Fylkesmannen og Statens vegvesen.

I tillegg til ovannemnde lovverk er det gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå. Den kommunale planlegginga skal skje innanfor rammene av nasjonal- og regional politikk.

2.1 Nasjonale retningslinjer og føresetnader

Mål og rammer for den nasjonale arealpolitikken kjem fram i rikspolitiske retningslinjer (RPR), stortingsmeldingar og rundskriv. Det ligg føre mange rundskriv som er viktige for arealplanlegging. Dei mest sentrale for dette planarbeidet er sannsynlegvis rundskriva om skjerpinga av plan- og dispensasjonspraksisen i strandsona (datert 11.09.99 og 08.03.02) frå Miljøverndepartementet og retningslinjene for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442).

Rikspolitiske retningslinjer:

- RPR for universell utforming
- RPR for å styrke barn og unge sine interesser i planleggingen
- RPR for samordnet areal- og transportplanlegging

Stortingsmeldingar:

- St.meld. nr. 34 (2006-2007) Norsk klimapolitikk
- St.meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld. nr. 14 (2006-2007) Sammen for et giftfritt miljø – forutsetninger for en trygg fremtid
- St.meld. nr. 21 (2005-2006) Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken
- St.meld. nr. 25 (2004-2005) Om regionalpolitikken
- St.meld. nr. 21 (2004-2005) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
- St.meld. nr. 40 (2003-2004) Nedbygging av funksjonshemmende barrierer. Strategier, mål og tiltak i politikken for personer med nedsatt funksjonsevne
- St.meld. nr. 24 (2003-2004) Nasjonal transportplan 2006 – 2015
- St.meld. nr. 49 (2002-2003) Breiband for kunnskap og vekst
- St.meld. nr. 23 (2001-2002) Bedre miljø i byer og tettsteder
- St.meld. nr. 12 (2001-2002) Reint og rikt hav
- St.meld. nr. 17 (2001-2002) Samfunnssikkerhet – veien til et mindre sårbart samfunn
- St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning
- St.meld. nr. 19 (1999-2000) Om norsk landbruk og matproduksjon
- St.meld. nr. 43 (1998-1999) Vern og bruk av kystsona
- St.meld. nr. 29 (1998-1999) Om energipolitikken
- St.meld. nr. 58 (1996-1997) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling
- St.meld. nr. 29 (1996-1997) Regional planlegging og arealpolitikk

2.2 Regionale retningslinjer og føresetnader

Mål og rammer for den regionale arealpolitikken kjem hovudsakleg fram gjennom fylkesplan og fylkesdelplanar.

Fylkesplan og fylkesdelplanar:

- Fylkesplan (2005-2008) *Vegen vidare for Sogn og Fjordane*
- Fylkesdelplan for arealbruk
- Fylkesdelplan for klima og energi
- Fylkesdelplan (2006-2009) for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse
- Fylkesdelplan for landbruk i Sogn og Fjordane

Fylkeskommunen jobbar med utarbeiding av følgjande planar:

- Fylkesdelplan for klima og miljø
- Fylkesdelplan for vindkraftverk

3 INNHALDET I REVIDERT KOMMUNEPLAN

I arealdelen til kommuneplan er det meste av arealet på land innanfor planområdet avsett som landbruks- natur- og friluftsområde, medan arealbruken i dei tilgrensande sjøområda er meir detaljert avklart gjennom kystsoneplana.

Det skal utarbeidast ein kommunedelplan som synleggjer både noverande faktiske og framtidig arealbruk. Plana skal bestå av eit plankart med planføresegner og retningslinjer, samt ein planomtale som klargjer formål, dagens situasjon (basert på føreliggjande informasjon), innhaldet i kommunedelplana og omtale av vesentlege overordna verknader av framtidig/ny arealbruk.

Omtala av dagens situasjon skal samanstille føreliggjande:

1. Dei geografiske føresetnadane som er knytt til landskap og naturgitte omsyn
2. Demografiske tilhøve som er dei føresetnadane eksisterande busetnad og arealbruk skapar

Utgangspunktet for vurdering av verknadene er dagens situasjon, dvs. noverande planavklart og faktisk arealbruk. Verknadene vil blir klarlagt gjennom omtala av arealbruken i plana, og ein legg til grunn at det er overordna verknader som skal klargjerast. Spørsmål/vurderingar som naturleg høyre heime på eit seinare plannivå, for eksempel ved utarbeiding av reguleringsplan, blir ikkje tatt med i konsekvensvurderinga av den endra bruken av areal i kommunedelplana.

Verknadene av planen skal vurderast i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar vedlegg II, der krav til innhaldet i konsekvensutgreiinga er fastsett. Ein skal ma. sjå på

- endring i dagens utbyggingsmønster
- korleis natur-, kultur- og friluftsverdiar vert rørt av endra arealbruk, og korleis ein kan sikre attraktive/interessante område
- korleis folkehelse og tilgjenge til område (universell utforming) vert påverka av utbygging
- korleis framtidige utbyggingsområde er utsett for potensiell fare/ulemper/sårbarheit gjennom ein risiko- og sårbarheitsanalyse.

4 ORGANISERING OG MEDVERKNAD

Utvalet for teknisk sektor er **styringsgruppe** for planarbeidet. Styringsgruppa fastset planprogrammet, klargjer prinsipp for utforming av planframlegget og førebur planframlegg som skal godkjennast av kommunestyret. Barnerepresentanten deltar i planarbeidet gjennom ordinær tilknytning til utvalet for teknisk sektor, men er ikkje ein del av styringsgruppa.

Den administrative **arbeidsgruppa** består at representantar frå Teknisk kontor og konsulent som avlastar kommunen ved utarbeiding av planframlegget. Teknisk sjef har ansvar for kontakt mellom dei ulike gruppene.

Værlandet Vel og Bulandet Grendalag er **idégruppe** som skal fungere som ei støttegruppe for den administrative arbeidsgruppa i planarbeidet. Idégruppa vil vere sentral i samband med formidling av informasjon om planarbeidet, gjennomføring av opne folkemøte og kartlegging av bruk av nærområde, rekreasjonsområde og tilgjenge til og bruk av strandsona.

Gjennom planforum er det etter behov lagt opp til kontakt med regionale- og statlege styresmakter for å få klarlagt nasjonale og regionale omsyn som bør ivaretakast gjennom planarbeidet.

Kontakten med innbyggjarar og organisasjonar skal ivaretakast gjennom opne folkemøte og dei ordinære handsamingsrutinane i plan- og bygningslova, dvs. høyring av planprogrammet og planframlegget. I tillegg er kommunen open for kontakt med grunneigarar, næringsdrivande og interessegrupper på alle stadium i prosessen.

4.1 Planprogrammet

Planprogrammet er gjenstand for høyring og offentleg ettersyn. Høyringsperioden for planprogrammet er på 6 veker. I samband med høyringa av planprogrammet vil planprogrammet bli presentert i ope folkemøte.

Planprogrammet blir kunngjort i aviser. I tillegg vil heimesida til Værlandet Vel og Bulandet Grendalag bli brukt til å spreie informasjon om planarbeidet.

På bakgrunn av framlegget til planprogram og uttaler til det, skal Askvoll kommune fastsette planprogrammet.

Dersom vedkommande mynde (regionale – og statlege styresmakter), på grunnlag av framlegget til planprogram vurderar at tiltak kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn, skal dette gå fram av uttalene.

4.2 Planframlegg og slutthandsaming/planvedtak

Med utgangspunkt i fastsett planprogram utarbeidar kommunen planframlegg med eventuelle alternativ. Planframlegget skal leggjast ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Ved offentleg ettersyn vil planframlegget bli presentert i ope folkemøte.

Basert på mottekne høyringsuttaler slutthandsamar kommunen planframlegget og kunngjer planvedtaket.

5 FRAMDRIFTSPLAN

Arbeidet med utarbeiding av *Kommunedelplan for Bulandet – Værlandet* er eit prioritert planarbeid i kommunen. Det er difor lagt opp til ei stram framdriftsplan. Målet er at kommunedelplana skal vere vedtatt i løpet av hausten 2008.

Nedanfor er det vist ei grov oversikt over forventa framdrift. I tillegg til det som går fram av framdriftsplana vil det bli gjennomført ei rekkje arbeidsmøter og møter med styringsgruppa på fleire stadium i prosessen.

Framdrift Fasar	2008									
	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	
<i>FASE 1</i>										
Utarbeiding av planprogram	→									
Høyring av planprogram (6 veker)	→	→								
Øpe folkemøte		●								
Fastsetting av planprogram			●							
<i>FASE 2</i>										
Utarbeiding av planframlegg		→	→	→	→					
<i>FASE 3</i>										
Vedtak om offentlig ettersyn						●				
Offentlig ettersyn (6 veker)						→	→			
Øpe folkemøte							●			
<i>FASE 4</i>										
Slutthandsaming								→	→	
Planvedtak										●

Framdriftsplan sommaren og hausten 2008.